



Kunstnaren signerte i stort tempo

Har DU kjøpt ein Pushwagner?

Dette har vore eit aktuelt spørsmål også i Uskedalen sidan Galleri G Guddal i går opna utstilling med ein av Noregs særaste og mest særprega kunstnarar. Han er i høgaste grad in også hjå oss, for berre den fyrste dagen vart det selt 17 verk av samtidskunstnaren. Dei dyraste gjekk ikkje unna, dei kostar 120 000 og 90 000, men utan at vi har rekna eksakt vart det nok omsett kunst for rundt 175 000 kroner. Suksessen for det gedigne galleriet i Guddalstunet er forlengst sikra.



Monika Myklebust frå Uskedalen og Oddmund og Marita Totland frå Norheimsund vitja utstillinga i dag

Og kunstnaren sjølv var nok også prega av suksessen, Han kom til galleriet i stilig antrekk ein times tid etter opninga og skreiv signaturar med så stor intensitet at han måtte kjenne det i handlledda.

Publikum slutta mannjevnt opp også denne dag nummer 2 og rekna tydelegvis med at det vil vera lønnsamt å satsa på Pushwagner.

Ein som kjøpte sikra seg eit båtmotiv for 23 000. uskedalen.no spurde om han rekna med satsinga lønte seg. Det svara han negativt på, men la til: - Ikkje no, men kanskje seinare!

Salsstatistikken fortalde ellers at ikkje minst eit motiv slår an - det er serigrafien Babytrip, som er iferd med å verta eit signaturverk for kunstnaren. Andre er svake for til dømes Boogie-Woogie som har ein pris på 120 000 kroner. I alle fall har potensielle kjøparar sjansen heilt fam til 17. august og det vert spennande å følge besøket i sommar.

Dei som trur at Pushwagner (Terje Brofos, født 1940) er ein bløffmakar må berre rulle inn. Han er anbefalt til og med av New York Times...

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen